

<b>Kva:</b>	Protokoll til møte nr. 03 i Alpinkomiteen 2023-2025
<b>Tidspunkt:</b>	Onsdag 27. september 2023, kl. 20:00-21:00
<b>Stad:</b>	Digitalt via Microsoft Teams
<b>Sakliste:</b>	<i>REFERATSAKER:</i> <i>SAK 13 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 14 23-25 Godkjenning av protokoll møte nr. 03 23-25</i>  <i>DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 15 23-25 Trenarsamling i Myrkdalen 1.-3. desember 2023</i> <i>SAK 16 23-25 Felles tidtakarsystem</i>  <i>EVENTUELT</i> <i>SAK 17 23-25 Sportsleg opplegg</i>
<b>Til stades:</b>	Roger Ellingsund, Cato Vik, Elisabeth Sætren, Atle Sæterbakken, Melanie Hetkamp-Andersen (skiklubbutviklar), og Kennet Dvergedal (adm.)
<b>Forfall:</b>	Fabian Bergqvist og Rakel Sunde
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

## Referatsaker:

### SAK 13 23-25

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

##### **Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 14 23-25

#### **Godkjenning av AK protokoll nr. 02 23-25**

##### **Bakgrunn**

Protokoll frå AK møte nr. 02 23-25 er sendt ut som eige vedlegg og godkjent elektronisk tidlegare.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner AK protokoll nr. 02 23-25.

## DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

### SAK 15 23-25

#### **Trenarsamling i Myrkdalen 1.-3. desember 2023**

##### **Bakgrunn**

Sogndal Alpin har teke initiativ til å samle sine klubbtreningar til ei felles samling i Myrkdalen før sesongen startar i lokal bakke. Formålet med samlinga er å gi fagleg påfyll, samt ein



sosial møteplass. Ein vil gjennomføre foreldretrenarkurset til NSF i løpet av helga.

Tidspunkt: 1.-3. desember 2023

Kurshaldarar: Atle Sæterbakken og Melanie Hetkamp-Andersen.

Vidare ønskjer Sogndal alpin å invitere trenarar frå andre alpinklubar i krinsen og involvere alpinkomiteén i planlegginga og med økonomisk støtte til tiltaket.

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å vere med å støtte økonomisk til trenarsamlinga. Før ein gjer vedtak om konkret støtte ønskjer AK tilbakemelding om stipulert tal deltakarar frå klubbane.

## **SAK 16 23-25**

### **Felles tidtakarsystem**

#### **Bakgrunn**

I sak 12 23-25 gjorde alpinkomiteen vedtak om å følgje opp felles tidakarsystem til bruk på alpinrenn i Sogn og Fjordane Skikrins.

Saka blir presentert i møtet.

- Godt teknisk system både til trening og konkurranse
- Kostnad om lag kr. 75 000,- eks mva.
- Ønskjer å bruke til krinsaktivitet – treng ressurspersonar
- Må lage til retningslinjer for bruk i klubbane

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å gå til innkjøp av felles tidtakarsystem. I framkant av kjøpet vil komitéen leggje saka fram til Haustmøtet for å forankre den med klubbane.

## **EVENTUELT**

## **SAK 17 23-25**

### **Sportsleg opplegg**

#### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen har følgjande samlingsplan hausten 2023:

- Fjord1 leikanger – Gj.ført 11 deltakar
- Fjord1 Juvass 12.-15. oktober
- Fjord1 Sandane 27.-28. oktober

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å gjennomføre Fjord1 barmarksamling på Sandane som dagsamling 28. oktober 2023.



Vidare gjer alpinkomiteen vedtak om å engasjere trenarar til samlingar med honorarbaserte avtalar. Leiar og sportsleg ansvarlege følgjer opp avtale med aktuelle trenarar.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)  
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef